



# Høgskulen på Vestlandet

## Pedagogikk og elevkunnskap 2b 5-10

LU2-PEL415

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	03-05-2019 09:00	<b>Termin:</b>	2019 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	15-05-2019 14:00	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgave		
<b>SIS-kode:</b>	203 LU2-PEL415 1 B-1 2019 VÅR stord		
<b>Intern sensor:</b>	Øystein Andreas Johannesen		

### Deltaker

<b>Navn:</b>	Kristine Olsen
<b>Kandidatnr.:</b>	123
<b>HVL-id:</b>	129072@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

<b>Tittel *:</b>	Skilnadar på leselest mellom gitar og jenter på 9.trinn	
<b>Antall ord *:</b>	14614	
<b>Egenerklæring *:</b>	Ja	<b>Jeg bekrefter at jeg har registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:</b>

### Gruppe

<b>Gruppenavn:</b>	Kristine Olsen
<b>Gruppenummer:</b>	7
<b>Andre medlemmer i gruppen:</b>	Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Skilnadar på leselyst mellom gutar og jenter på 9.  
trinn

Gender differences in reading motivation for pupils in the 9th grade

**Kristine Olsen**

Pedagogikk og elevkunnskap 2b 5-10

LU2-PEL415

Stord/Høgskulen på Vestlandet/Grunnskulelærerutdanninga 5-10

Rettleiar: Øystein Andreas Johansen og Iselin Lone

Innleveringsdato: Onsdag 15. mai 2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

# SKILNADAR MELLOM GUTAR OG JENTER PÅ 9. TRINN

## **Kva skilnadar finn ein i leselyst mellom gutar og jenter på 9. trinn?**

What differences do we see between boys and girls in the 9th grade, when it comes to reading?

NORSK OG PEDAGOGIKK

Av

Kristine Olsen

Våren 2019



## SAMANDRAG

Denne bacheloroppgåva forskar på skilnadar i leselyst mellom kjønna på 9.trinn i ungdomsskulen. Då gutar ligg etter i lesing vert det naturleg og leggja mest vekt på korleis gutar presterer, og kva me kan gjere for å førebyggje dette. Problemstillinga mi er: ***Kva skilnadar i leselyst finn me mellom gutar og jenter på 9. trinn?*** I tillegg ville eg sjå nærare på kva tiltak som kan fremja leselyst hos ungdomar, og om gutar har ein anna literacykompetanse enn kva som vert forventa i skulen.

Eg nytta kvalitativt forskingsintervju med to norsklærarar, samt ei kvantitativ spørjeundersøking på 9. trinn. Den kvantitative spørjeundersøkinga har eg lagt hovudvekt på, og forskingsintervjuet har eg brukt for å støtte funna i spørjeundersøkinga. Resultata i undersøkingane har eg drøfta i lys av teori om gutar og lesing, og kva tiltak som kan fremja leselyst hos ungdom.

Gjennom forskinga har eg kome fram til at jenter har meir leselyst enn gutar, men skilnadane er ikkje så store i denne undersøkinga som eg på førehand hadde trudd. I leseopplæringa, som i anna opplæring, er det viktig å variera undervisningsformene. For at elevar skal oppleve glede av litteratur er det difor naudsynt at dei får møte litteraturen utan at det alltid ligg ei forventning om ei litterær analyse i enden. Høgtlesing og litterære samtalar, anten i plenum eller individuelt om kva boka handlar om, gjer at ein kan få ein anna motivasjon for lesinga. Og ha klare mål og forventingar til kva elevane skal med bøkene, kan vera med på å auka motivasjon og engasjement. Å skape god lesekultur i klasserommet er grunnleggjande. Ved at læraren har positive haldningar til lesing, og gir roms for alle typar litteratur er sentralt for å gi fleire elevar ei positiv leseoppleving.

## SUMMARY

This thesis researches differences when it comes to the reading motivation of boys and girls in 9th grade. Studies show that boys have a lower reading comprehension than girls do, therefore this thesis will focus on how boys perform, and what educators can do to prevent this. My thesis question is: *What differences do we find in reading between boys and girls in the 9<sup>th</sup> grade?* In addition to that, I want to see which measures that promotes the youths reading interest, and if boys have a different competence in literacy than we expect them to have in school.

I have used a qualitative interview with two teachers in Norwegian, and a quantitative questionnaire in the 9<sup>th</sup> grade. The focus of the thesis is the questionnaire, while the interviews are there to support the findings. I have discussed the results in the questionnaire against theories about boys and reading, and measures that can make reading easier for them.

The research questionnaire and the interview show that girls have more interest in reading than boys do, but the differences were not as big as first assumed. As well as in any other training, it is important to vary the teaching forms when teaching literacy. Pupils need to experience and enjoy literature, and meet it without the having to do a task, for example literary analysis, in the end of the reading. If teachers read to the students and have literary conversations about the content of the book, it can lead to higher reading motivation. By setting goals, and having expectations to what we can expect from the pupils, we can increase their motivation. Creating a good reading culture in the classroom is fundamental.

## INNHALD

1.0	Innleiing .....	1
1.1	Problemstilling .....	1
2.0	Teori .....	3
2.1	Forskjellar mellom gutar og jenter i forskning .....	3
2.2	Gutar og lesemotivasjon .....	5
2.3	Leselyst .....	7
2.3.1	Motivasjon .....	7
2.3.2	Motivasjon for lesing .....	8
2.3.3	Å fremja leselyst .....	9
3.0	Metode .....	11
3.1	Kvantitativ spørjeundersøking .....	11
3.2	Kvalitativt forskingsintervju .....	12
3.3	Validitet, reliabilitet og etikk .....	13
4.0	Presentasjon av funn .....	14
4.1	Kvantitativ spørjeundersøking .....	14
4.1.1	Gutar og jenter sine lesevanar .....	14
4.1.2	Førebilete .....	17
4.1.3	Lesevanar heime og på skulen .....	18
4.1.4	Kva kunne motivert til å lesa meir .....	21
4.2	Resultata av intervju .....	22
4.2.1	Kva les elevane og kva skilnadar finn me mellom kjønna .....	23
4.2.2	Motivasjon .....	24
4.2.3	Korleis tilpasse lesing for gutar og jenter .....	24
4.3	Oppsummering av dei viktigste funna .....	25
4.4	Feilkjelder .....	25
5.0	Drøfting .....	26
5.1	Leselyst hos gutar og jenter .....	26
5.1.1	Literacykompetanse .....	27
5.1.2	Forventingar .....	28
5.2	Kva kan lærarar gjere for å motivere til lesing .....	29
5.3	Førebilete .....	31



6.0 konklusjon .....	32
Litteraturlista .....	33
Vedlegg .....	35
Vedlegg 1: Samtykkeskjema til føresette.....	36
Vedlegg 2: Spørjeundersøking.....	38
Vedlegg 3: Intervjuguide .....	40
Vedlegg 4: Intervju av informantar med notat.....	41

## 1.0 INNLEIING

Skulen si oppgåve er å sjå til at alle får den same retten til utdanning, uavhengig av kjønn, etnisitet og sosial bakgrunn. I dag presterer gutar dårlegare enn jenter i dei fleste skulefag (Kunnskapsdepartementet, 2015). I 2018 gjennomførte elevar på 9. trinn nasjonale prøvar i lesing, skriving og engelsk. Gutar presterer i snitt betre i matematikk og engelsk, men når det kjem til lesing presterer jentene betre enn gutane (Utdanningsdirektoratet, 2018). Samfunnet i dag krev høg lesekompetanse, og det er vanskeleg å få seg ein jobb utan ei utdanning.

Undersøkingar viser at gutar toppar statistikken for å droppe ut av vidaregåande, og dei tek i lågare grad utdanning på masternivå enn jentene. Kva som fører til desse skilnadane mellom kjønna, og kva tiltak ein kan sette inn for å motverke dette er hovudfokus for denne oppgåva. Lesing er ikkje eit eige fag, men ved å ha god lese-dugleik og leseforståing kan ein lukkast både i eit utdanningsløyp og seinare i arbeidslivet. Sidan me i 2020 får ny læreplan som har større fokus på å utforske i faga, står det mellom anna som kjerneelement i norskfaget at tekst i kontekst skal få eit større fokus. Ved å lesa skjønnlitteratur og sakprosa skal elevane blant anna utforska og reflektera over tekstane (Kunnskapsdepartementet, 2018). Lesing som grunn Lærarar som skapar motivasjon og god lese-kultur i klasserommet og samstundes har eit breitt utval av litteratur i klasserommet, kan vera med på å utvikla lese-dugleiken til elevane. Noko som igjen er med på å auka lese-motivasjon blant elevane (Roe 2014, s. 13-14, 137-139).

## 1.1 PROBLEMSTILLING

Forskarar er ikkje samstemde i kva som er årsaka til lese-skilnadane mellom kjønna, og det er fleire faktorar som spelar inn. Somme peikar på biologiske årsakar, som til dømes at jenter ligg føre gutar i den språklege utviklinga. Andre meiner at det i stor grad handlar om miljø, og kva forventingar me har til dei ulike kjønna.

Astrid Roe (2014) hevdar at motivasjon er ein sentral faktor for lese-lysta, og det kan sjå ut som at gutar sitt manglande engasjement for lesing kan vera ein sterk forklaringsfaktor for skilnadane. Elevane har ulike føresetnadar for å bli engasjerte lesarar. Lesedugleik har ei

viktig rolle, men heimebakgrunnen til elevane kan også ha stor betydning. Funn frå PISA 2000 viser at leseprestasjonar heng sterkt saman med positive haldningar til lesing på fritida, og har mindre med sosial bakgrunn å gjere (Roe 2014, s. 150, 39-40).

Dette har inspirert meg til å sjå nærare på leselysta til ungdom i dag, kva skilnadar me finn mellom kjønna når det kjem til dette og kva tiltak skulen kan gjera for å fremja leselysta. Problemstillinga mi er:

***Kva skilnadar finn ein i leselyst mellom gutar og jenter på 9. trinn?***

For å få svar på problemstillinga mi må eg finna svar på følgjande spørsmål:

- Kva kan forklara eventuelle kjønsskilnadar i leselysta?
- Korleis kan ein motverke skilnadane, og leggja til rette for ei leseopplæring som styrkar lesedugleiken til både jenter og gutar?
- Kva tenkjer lærarar om skilnadane, og kva gjer dei for å fremje motivasjon til lesing i klasserommet, og då særleg for gutane?

Sidan gutar gjer det dårlegare på nasjonale prøvar, vert det naturleg å leggja mest vekt korleis gutar ser på lesing og leselyst. At kjønsskilnadane er store er ikkje det same som at alle jenter gjer det bra og alle gutar gjer det dårleg. Dei nasjonale prøvane er berre med på å tydeleggjere kvar skulen kan setja inn tiltak for å motverke dette.

Det er også naudsynt å presisera at når eg skriv at «gutar gjer det dårlegare» og «jenter prioriterer skule» ynskjer eg at det vert lese som «dei fleste». Eg generaliserer ut frå forskingsfunn, og er klar over at det finst mange gutar med høgare leselyst enn jenter og omvendt.

Eg skal no gå inn på teori om kva skilnadar me finn mellom kjønna, omgrepet motivasjon og forskning som er gjort på temaet. Eg har valt å ha kvantitativ spørjeundersøking og kvalitativt forskingsintervju som metode for å svara på problemstillingen.

## 2.0 TEORI

Samfunnet er i konstant endring, og alle skular, klassar og individ er ulike. Difor er det vanskeleg å seie akkurat kvifor gutar presterer dårlegare enn jenter på lesetestar og leseprøvar. Internasjonalt har endringane mellom kjønna blitt mindre, medan skilnadane i Noreg er konstante. Undersøkingar frå PISA 2015 viser at fleire gutar scorar høgare enn tidlegare, færre er i det midtre sjiktet, medan det er like mange gutar i det lågaste sjiktet. Gutane sin framgang er høgare enn jentene sin, men det er framleis for mange gutar på lågaste dugleiksnivået (Frønes 2016, s. 149-154).

I følge Utdanningsdirektoratet spring jenter frå gutar i den faglege utviklinga rundt 9. trinn, noko som gir grunn til uro (Utdanningsdirektoratet, 2015). Jenter scorar betre enn gutar både når det gjeld leseprestasjonar, kunnskap om lesestrategiar og positive haldningar til lesing. Kjønnsskilnadar er eit sentralt omgrep i denne oppgåva og vil difor vera einstyddande med «i jentene sin favør», dersom anna ikkje vert nemnt (Roe, 2013, s. 14).

Dette kapittelet skal gjere greie for skilnadar mellom kjønna når det kjem til lesing og motivasjon, omgrepsavklaring av leselyst og motivasjon, og kva forskning seier om temaet.

## 2.1 FORSKJELLAR MELLOM GUTAR OG JENTER I FORSKING

Lesinga si tyding har endra seg saman med samfunnet si utvikling. Dei teknologiske endringane fører til at krava til god lesekompetanse<sup>1</sup> stadig vert høgare. Utvikling av lesekompetansen krev kontinuerleg utvikling i møte med meir avanserte og varierte teksttypar, både på papir og internett. I tillegg krev mange yrke god lesekompetanse (Roe 2014, s. 11). I «Nye sjansar – betre læring» (2019:3) vert det løfta fram at ei av årsakene til kjønnsskilnadane kan forklarast med endringar i familiestrukturen. Dei fleste åleineforsørgjarane er mødrer, og gutar si utvikling kan bli prega av at far ikkje er til stades i

---

<sup>1</sup> Lesekompetanse - Lesekompetanse inneber at elevene kan forstå, bruke, reflektera over og engasjera seg i skrivne tekstar, for å kunne nå sine mål, utvikle sine kunnskapar og evner og delta i samfunnet.

oppveksten. Dette er ikkje eit faktum men kan ha innverknad. I tillegg har arbeidsmarknaden og utdanningsstrukturen endra seg både internasjonalt og i Noreg dei siste tiåra, med ein auka etterspørsel til høgt utdanna arbeidskraft (NOU 2019:3, s. 99).

Undersøkingar viser at gutar i større grad les teikneseriar og aviser framfor skjønnlitteratur, noko som kan forklara korleis dei presterer på til dømes leseprøvar. Å lese teikneseriar og aviser med overskrifter og bilettekst har liten verdi som lesetrening. Jenter les meir skjønnlitteratur, som krev ein anna form for innsats over tid. Kva haldningar gutar og jenter har til lesing er også ulikt. Gutane har i høgare grad negative haldningar knytt til lesing. Dei har i tillegg ein tendens til å lese når dei må, og berre for å hente ut informasjon dei har bruk for. Korleis gutar rangerer gode og dårlege lesestrategiar skil seg også frå jenter. Dei klarer i lågare grad å seie kva som er ein god og dårleg lesestrategi (Roe 2013, s. 24 og Utdanningsdirektoratet, 2015). Resultat i PISA 2000-2009 viser at innhald og variasjon har meir å seie for prestasjon enn teksten si lengd. Gutar scorar godt, somme gonger betre enn jentene, når det kjem til kart, grafar, tabellar og diagram. Å sjå samanheng, samt kunnskapsformidlande sjangrar der ein skal drøfte, er derimot meir utfordrande (Roe 2013, s.18).

Lesevanar på internett mellom kjønna er nokså noko ulikt. Det vert då naturleg å stille spørsmål til om dette kan ha noko å seie for kjønnskilnadane i skuleprestasjonar. Mediebruken i seg sjølv kan redusere evna til refleksjon eller konsentrasjon, og den kan gi søvnproblem. Databruken tek også over for andre utviklande og læringsfremjande aktivitetar som idrett, lesing og sosiale aktivitetar. Gutar rapporterer i PISA 2012 at dei startar tidlegare med data- og internettbruk enn jenter, både til kvardags og i helger. Gutar bruker mykje av tida si til å spele saman over nettet. Dei som presterer lågt og bruker mykje av tida si på data, gjer det ofte dårlegare på testar. Jenter bruker meir av tida si på sosiale media, men dei prioriterer lekser og lesing på fritida, noko som gir betre testresultat. PISA 2009 fann at dei elevane som les meir på fritida gjorde det betre på PISA sine lesetestar enn dei elevane som las mindre på fritida (2019:3, 2019, s. 132-133).

Kva som kan vera årsaken til at gutar generelt ligg under jenter i lesekompetanse har ein tidlegare forklart med biologiske og psykologiske forklaringar, som til dømes at jenter er tidlegare i språkutviklinga, eller at det er ulikt kva aktivitetar individet føretrekkjer. Slike forklaringar vert dempa i ny faglitteratur, og ein legg meir vekt på miljømessige faktorar som

tek omsyn til skule og heim, til dømes at det vert stilt ulike forventningar til kjønna, og at skulen er feminisert (Frønes 2016, s. 154).

Ei svensk studie av Eidevald (2009) viser kjønnsstereotypiske forventningar til barn allereie ned i 3-5 års alder (Eidevald, referert i NOU 2019:3, s. 124). Eidevald finn at gutar vert snakka til tre gonger meir enn jenter og at dei får dobbelt så mange ja/nei spørsmål, medan jenter får fire gonger fleire opne spørsmål. Gutar får oftare hjelp til påkledning utan å be om det, medan jenter oftare ikkje får hjelp når dei ber om det. Eidevald (2009) hevdar at dette er typiske kjønnsstereotypiske oppfatningar som at jenter er tidlegare utvikla, er mindre aggressive, tek meir omsyn og har betre språklege evner. Likevel er kjønnskilnadane på 1. trinn mykje mindre enn kva dei er når elevane er ferdige på 10. trinn, noko som kan tyde på at skulen heller ikkje er med på å jamne ut kjønnskilnadane. Dette kan skuldast ei rekkje faktorar, som til dømes kva tid elevane er født på året, lengda på skuledagane, fritidsaktivitetar, søvnmengd, sosial bakgrunn, kor mykje tid elevane bruker på lekser, og læraren si kompetanse, engasjement og nivådeling (NOU 2019, 2019:3, s. 127, 129-135).

Desse faktorane kan føre til negative konsekvensar for mange gutar. Jenter gjer det betre i nesten alle skulefag, gutar droppar i høgare grad ut av vidaregåande skule, og dei tek i lågare grad utdanning på masternivå enn jenter. Gutar som fell i frå i utdanninga svekker sjansane sine på til dømes arbeidsmarknaden seinare i livet (Roe 2014, s. 150).

## 2.2 GUTAR OG LESEMOTIVASJON

Ein artikkel frå Young og Brozo (2001) fremjar to ulike syn på gutar og lese­motivasjon. Brozo meiner at det vil fremja lese­motivasjonen til gutane dersom dei får tilgang til lesestoff med meir maskulint preg. Young hevdar at det er viktig at gutar vert oppmoda til å stille spørsmål til dei kjønnsstereotypiane som vert presentert i dei bøkene Brozo tilrår (Young og Brozo, referert i Roe 2013, s. 27). Den sosiale bakgrunnen til elevane er ein faktor for korleis dei gjer det på skulen, men positive opplevingar og gode rolle­modellar er ein større faktor. Fedrar som les høgt, samtalar om bøker og går på biblioteket saman med sønene sine legg eit godt grunnlag for deira lese­motivasjon og lesestrategiar<sup>2</sup> i framtida. Det at dei fleste lærarane

---

<sup>2</sup> Lesestrategi - er ein einskapleg plan og framgangsmåte for å lesa på ein god og effektiv måte.

er kvinnelige, kan også ha noko å seie for motivasjonen (Roe 2013, s. 27-28, 39). Det er fleire kvinner enn menn som jobbar i den norske skulen i dag, og i media vert det diskutert kor vidt skulen er feminisert eller ikkje. Roe (2014) slår fast at gutar har færre mannlege førebilete enn jenter i skulen, og ho meiner at kvinnelege lærarar aldri kan bli så gode identifikasjonsobjekt for gutane som for jentene (s. 148). Dette kan føre til at gutane kjenner mindre tilhøyrsløse til skulen, mistar interessa og melder seg ut.

Det finst to forklaringar på at ein elev får betre resultat på skulen av å ha ein lærar av same kjønn. Den første er rollemodelleffekten, der elevane vil oppfatta læraren som ein rollemodell og på den måten kan gutar identifisere seg meir med ein mannleg lærar, den andre oppfatninga er at læraren behandlar eleven ulikt avhengig av kjønn (NOU 2019:3, 2019, s. 147). Det er lite forskning som tyder på dette. Det finst studiar som peikar på at dei skulane som er kvinnedominert ofte gjer det betre enn dei skulane som ikkje er det. Dette forklarar dei med at det er fleire flinke kvinner enn menn som vert lærarar, og dei flinke menn går andre retningar (NOU 2019:3, 2019, s. 146). Studiar frå Helena Holmlund og Krister Sund samt Insook Cho viser at det ikkje er samanheng mellom kvinnelege lærarar og korleis gutar presterer i skulen (Holmlund og Sund 2008, s. 39 og Cho 2012, s. 59). Camilla Stoltenberg (personleg kommunikasjon, 06. mai 2019), utvalsleiar, skriv det same i korrespondanse via e-post. Ho slår fast at den låge andelen menn ikkje har noko å seie for korleis gutar presterer i skulen, og at det mest sannsynleg handlar om læraren sin kompetanse, framfor kjønn. Vidare påpeiker ho at det å ha mangfald i lærarstanden i skulen kan vera positivt av andre grunnar, som trivsel og tilhøyrsløse. Forsking viser at elevar som har ein positiv relasjon til læraren er meir aktive i klassen. Dette spelar ei stor rolle for læring, men også korleis elevane fungerer sosialt fungerer i skulen (Utdanningsdirektoratet 2016).

Det som er gjennomgåande i analysane av PISA 2012 er at ein finn mindre kjønnskilnadar når gutane identifiserer seg i tema og personar i tekstane. Eit kjenneteikn er at kjønnsforskjellane på testane minkar når leseinnhaldet fengjer gutane. Når gutane får oppgåver der dei skal svare med eigne ord, scorar dei i gjennomsnitt dårlegare enn jentene. Dette er ofte oppgåver gutane i tillegg hoppar over, og dei som svarar ordlegg seg vagt og ufullstendig (Roe 2013, s. 25-26). Denne typen motivasjon ser ikkje ut til å ha like mykje å seie for jentene. Jenter les meir på fritida og meir variert, og er difor betre førebudd på dei tekstane dei møter på skulen (Frønes 2016, s.154 og Roe 2013 s. 27). Gunilla Molloy (2013) konstaterer at leseforståinga av skjønnlitteratur har minka, men gutar si låge interesse for å lesa skjønnlitteratur ikkje er eit nytt fenomen – dei internasjonale undersøkingane har berre

gjort dette synleg. Gutar les gjerne historiske bøker om andre verdskrig, science fiction eller fantasy, og dei er ofte betre på å lese brukarmanualar og dataprogram. Den literacykompetansen som vert forventa på skulen er ulik den mange gutar har med seg inn i skulen. (Molloy 2013, s. 41-42, 44). UNESCO seier at literacy no må verta forstått som ein måte å identifisera, forstå, tolka, skapa og kommunisera i ei stadig aukande digital, tekstbasert, informasjonsrik og endrande verd.

## 2.3 LESELYST

Leselyst handlar om at elevar skal oppleve tekstar som interessante og engasjerande. Gjennom å gi gode leseopplevingar kan leselysta auka. Læraren er sentral i arbeidet med å skape motivasjon og leseengasjement, og elevane sin lesekompetanse har samanheng med kor mykje dei les, og at ein kan oppnå leselyst ved å lesa meir (Utdanningsdirektoratet, 2015, s. 7).

Astrid Roe (2014) formulerer leselyst som ei glede rundt lesinga, noko som vert til gjennom tida ein får til å lesa. Ho meiner at undervisning i lesestrategiar og motivasjon er viktig for å skapa leselyst, og at motivasjon er særleg relevant. Vidare påpeiker ho at om ein ikkje ser nytta av å lesa teksten, vert det også vanskelegare å konsentrera seg om innhaldet i teksten (Roe 2014, s. 39).

---

### 2.3.1 MOTIVASJON

Gunn Imsen (2005) definerer omgrepet motivasjon slik:

«Motivasjon er et teoretisk begrep som brukes til å forklare hva som forårsaker aktivitet hos individet, hva som holder denne aktiviteten ved like, hvor mye innsats som settes inn, og hva som gir denne retning mål og mening.» (s. 294).

Det er vanleg å skilje mellom indre og ytre motivasjon. Indre motivasjon er styrt av kor høg interesse individet har for eit emne. Til dømes har ein elev som er interessert i den franske



revolusjonen høgare motivasjon for å arbeide med og lesa seg opp på emnet, samanlikna med ein som er uinteressert i emnet. Læringa og arbeidsprosessen vert halden i gong avhengig av kor interessert eleven er i eit emne. Ytre motivasjon handlar om kva ein får ut av å halde fram med ein gitt aktivitet. At ein elev får ei påskjøning etter han har lese ei bok, kan vera ein ytre motivasjonsfaktor (Imsen 2005, s. 295-296).

John W. Atkinson sin prestasjonsmotivasjonsteori er sentral her. Atkinson har laga ein modell som skildrar to prinsipp: lysta til å gje seg i kast med oppgåva, og angsten for å mislukkast. Eleven vil gjerne oppleve ein viss usikkerhet i forkant av ei oppgåve avhengig av visse faktorar. Dersom eleven vurderer at angsten for å mislukkast er større enn lysta til å lukkast, og den i tillegg ikkje har verdi for eleven vert det vanskeleg å ta fatt på oppgåva. Teorien om prestasjonsmotivasjon handlar om indre personlegdomstrekk så vel som individets oppfatning av det ytre forholdet (Atkinson, referert i Imsen 2005, 315-316). For best mogleg innsats bør eleven setjast i ein oppgåvesituasjon som gir han moglegheit for å lukkast, men også ein viss usikkerheit for å mislukkast, så fram at insentivverdien er høg, at oppgåva har verdi for eleven (Imsen 2005, 316-317).

Kva er det som fremjar motivasjon og kvifor har motivasjon så stor tyding for læring? Skaalvik og Skaalvik (2016) meiner at jo meir motivert elevane er jo meir vil dei også yte. Dei vil i tillegg vere meir utholdande og engasjerte når dei arbeider med utfordrande oppgåver. Motiverte elevar klarar også å regulere si eiga læringsåtfærd og kan nytte arbeidsstrategiar som er arbeidsfremjande. Dette tyder at motivasjon er naudsynt for å sette i gong med ein aktivitet og holde aktiviteten ved like (Skaalvik og Skaalvik 2016, s. 13).

---

### 2.3.2 MOTIVASJON FOR LESING

John Guthrie seier at motivasjon er sentralt i leseopplæringa. Læraren bør leggja lika mykje vekt på å motivere elevane til lesing, som på å læra dei gode lesestrategiar. Dette kan læraren gjera ved å leggja vekt på variasjon og valmoglegheiter i klasserommet. Det bør vera eit variert utval av tekstar, som til dømes bøker, brosjyrar og blad, og gjerne tekstar som elevane har vore med å foreslå. Når læraren skal gå gjennom eit emne bør dette sjåast frå ulike sider gjennom mange ulike tekstar, og ikkje berre gjennom læreboka. Guthrie oppmodar lærarar å sette av litt tid til lesing kvar dag, både skjønnlitteratur og fagtekstar – uavhengig av alder.

Han har utarbeidd fem motivasjonsområde for å motivere elevane. Det fyrste punktet er at meistringsmål, meistringsfølelse og motivasjon heng tett saman. Elevane treng nokre mål å arbeide mot, som ligg innanfor det dei kan klare å nå. Det andre punktet er kontroll og val. Dersom elevane sjølv kan velje kva dei vil lesa får dei eit større eigarforhold til stoffet dei held på med. Her er det viktig å understreke at det er mange elevar som treng hjelp til å ta val. Sosial interaksjon er det tredje punktet, målet er å fremje gleda av å dele teksten sitt innhald med dei andre medelevane. Meistringsforventing heng saman med det fyrste punktet og handlar om å lukkast med å lesa og forstå. At læraren veit avstandane mellom elevane sitt nivå er essensielt for å kunne rettleie dei på best mogleg måte. Det siste punktet handlar om interesse - tekstane og innhaldet skal vera spanande for elevane (Guthrie, referert i Roe 2014, s. 137-139).

Lesing som aktivitet krev innsats og difor er motivasjon naudsynt både for å velje lesing som aktivitet og for halde seg engasjert i lesinga. I 2012 gjorde Roe og Taube ein analyse for å sjå samanheng mellom lesemengde og leseprestasjonar, og mellom haldningar til lesing og leseprestasjonar. Ei positiv haldning til lesing kan føre til at elvane les meir og dermed vert gode lesarar. Å lukkast med lesinga kan også vere ein forklaring til at nokon elevar er meir motivert til å lesa enn andre (Roe og Taube, referert i Lundetræ og Solheim 2013, s. 53).

---

### 2.3.3 Å FREMJA LESELYST

I artikkelen «Komponenter i god leseopplæring – hele dokumentet» påpeiker Utdanningsdirektoratet at motivasjonen elevane har til lesing er grunnleggjande for korleis dei presterer. Ved å gi elevar gode leseopplevingar, og vise interesse for deira leseerfaring kan ein skape leselyst og god kultur for lesing i klasserommet (Utdanningsdirektoratet 2015, s. 6-8).

Stillelesing på skulen kan bidra til auka leselyst samstundes som elevane får oppleve ulike typar litteratur, og dersom elevane får velje kva bok dei skal lesa kan dette føre til auka lesemotivasjon og leseforståing (Malloy og Gambrell, referert i Svanes 2016, s. 3). Interessant litteratur vil gjera det lettare å motivera til lesing. Lesing treng ikkje å vera sidestilt med skjønnlitteratur, difor er det essensielt å ha eit godt utval av lesestoff i klasserommet. (Guthrie, referert i Roe 2014, s. 142-143).

Grunnen til at stillelesing vert brukt i norske skular er at elevane skal bli sikre ortografiske<sup>3</sup> lesarar. I studiar frå Sanden (2012) konstaterer han at om læraren tilpassar lesinga til elevane, og i tillegg utfordrar dei på sitt noverande lesenivå får lesing ein meir positiv effekt. Læraren kan ha bokmelding, stilla autentiske spørsmål om boka, eller ha litterære samtalar for fylgje med på kva eleven les, leseforståinga, og om han les (Sanden, referert i Svanes 2016, s. 4-5).

Det kan det sjå ut som at å ha lesande førebilete heime har noko å seie for motivasjonen på skulen, slik Molloy poengterer i «Jag ryser när jag ser en bok». Sjølv om gutane sin manglande motivasjon for å lesa skjønnlitteratur vert avdekka i skulen, tyder ikkje dette at det berre er skulen sitt problem. Det er eit samfunnsproblem, og bør også å handterast slik (Molloy 2013, s. 44).

---

<sup>3</sup> Ortografi – rettskriving og skrivemåte, eit sett av skriftspråklege normer som gjeld for eit skriftspråk.

### 3.0 METODE

Denne delen av oppgåva skal visa dei forskingsmetodane som er nytta for å svara på problemstillinga. Eg vil grunngje val av metode og beskriva gjennomføringa. For å få fram fleire sider av problemstillinga har eg nytta ei kvantitativ spørjeundersøking og eit kvalitativt forskingsintervju. Eg vil og nemne nokre kritiske punkt for val av metodane, før eg gjer greie for metodens gyldigheit, reliabilitet, feilkjelder og etikk. I følgje Utdanningsdirektoratet (2015) vert skilnadane mellom gutar og jenter tydlegare rundt 9. trinn, difor har eg valt å fokusera oppgåva kring dette klassetrinnet.

#### 3.1 KVANTITATIV SPØRJEUNDERSØKING

Den kvantitative undersøkinga i form av eit spørjeskjema er godt eigna til å kartleggja ei mengd individ sine haldningar til motivasjon, lesevanar og leselyst (Postholm og Jacobsen 2011, s. 43-44). Eg har valt denne metoden for å på best mogleg måte få fram skilnadane mellom gutar og jenter sine lesevanar, og har nytta statistikkprogrammet IBM SPSS Statistics 25 for å samanlikna og analysa spørjeskjemadata.

Spørjeskjemaet har ni direkte spørsmål med faste svaralternativ. Svaralternativa varierer etter kva spørsmål som blir stilt. Det første og det femte spørsmålet har dikotome variablar, med to verdiar: kva kjønn er du og les foreldra dine/dei føresette bøker heime. Spørsmål fire, sju og åtte er spørsmål med ordinalnivå, logisk rangering. Til dømes har spørsmålet «Likar du å lesa?» verdiane: «Eg likar ikkje å lesa», «Eg likar litt å lesa», «Eg likar godt å lesa» og «Eg likar veldig godt å lesa». Grunnen til at eg på dette spørsmålet berre har fire og ikkje fem svaralternativ er for å få elevane til å velje side. Verdien «Eg synst det er ok å lesa» fjerna eg frå spørjeskjemaet då det seier lite om kva dei meiner om dette. Spørsmål tre og seks er på nominalnivå, spørsmål som ein ikkje kan rangera, men som seier noko om kva sjanger dei likar å lesa og kva utdanning foreldra har. Det siste spørsmålet er eit ope spørsmål «Kva kunne motivert deg til å lesa meir? Gi eit råd.» (Postholm og Jacobsen 2011, s. 86-91 og Johannessen 2003, s. 41-44). Spørjeundersøkinga ligg som vedlegg 2.

Eg delte spørjeskjemaet ut til to niande klassar på ein skule på Vestlandet, klasse 9X og 9Y. Målet var at spørjeskjemaet skulle svara på kor stor grad av motivasjon og leselyst elevane hadde, og eg ville kartleggje elevane sin lesevanar. Eg hadde også nokre spørsmål om bakgrunnen til elevane for å sjå om dei eventuelle skilnadane eg fann i undersøkinga korrelerte med forskinga på området.

Då elevane vert 15 år i år sende eg ut eit oversendingsbrev til dei føresette (sjå vedlegg 1). I brevet står det informasjon om meg og målet med undersøkinga. Både dei føresette og elevane fekk beskjed om at undersøkinga var friviljug. Rektor og kontaktlærarar var også informert, og hadde gitt meg si godkjenning.

### 3.2 KVALITATIVT FORSKINGSINTERVJU

I tillegg til spørjeundersøkinga er det gjennomført eit kvalitativt forskingsintervju med dei to norsklærarane på trinnet. Intervjuet føregjekk på ein halvstrukturert måte, der dei same spørsmåla vart gitt til begge informantane. Intervjuguiden sendte eg til informantane før eg gjennomførte intervjuet (sjå Vedlegg 3) (Postholm og Jacobsen, 2014, s.74). Intervjuguiden var på førehand fastsatt og inneheldt spørsmål eg ikkje fekk svar på i spørjeundersøkinga. Intervjua føregjekk direkte og etter spørjeundersøkinga var utført, slik at lærarane fekk høve til å kommentere funna i spørjeundersøkinga. Lærarane er anonymisert, og har her namna Anna og Berit.

Intervjuguiden har 15 spørsmål, sjå vedlegg 3. Eg vil utheve nokre spørsmål som er særleg relevante i høve problemstillinga, og som er med på å underbygga teorien i oppgåva: 1. Er det forskjell på kva sjanger gitar og jenter føretrekkjer å lesa? 2. Er det forskjell på korleis de tilpassar lesing for gitar og jenter? Kva erfaringar har de på området? 3. Er det forskjell på leselyst når det kjem til kjønn? 4. Kva gjer de for å motivere elevane til lesing?

### 3.3 VALIDITET, RELIABILITET OG ETIKK

I dette underkapittelet skal eg grunngje val av metode i forhold til validitet og reliabilitet. Eg som forskar vil underbygge oppgåva mi ved å reflektere ope om styrker og svakheter på måten eg har samla inn data på, og korleis eg har behandla informasjonen. Eg vil leggja vekt på kor gyldige mine funn og resultat er, og om eg har dekning for dei generaliseringane og tolkingane eg gjer. I tillegg vil eg sjå på kor pålitelige mine funn og resultat er, og om det er tydelege feil og manglar knytt til datainnsamlinga (Postholm og Jacobsen 2011, s. 126-127).

Det er naudsynt å trekkja fram at svara på undersøkinga kan vera forma av ulike faktorar, som mellom anna kva dagsform elevane var i den aktuelle dagen, samansettinga av klassane, heimemiljø, personlegdom, og kva klasse og skule som er nytta (Postholm og Jacobsen 2011, s.127). Data frå spørjeundersøkinga kjem frå 48 respondentar, som ikkje er eit stort nok tal til at me kan seie at det gjeld for alle 9. trinn i Noreg (Postholm og Jacobsen 2011, s.128).

For å vera sikker på at lærarane som blei intervjuja kjenner seg att i framstillinga av dei, har dei fått høve til å sjå over og korrigere/godkjenne teksten (Postholm og Jacobsen 2011, s.130).

For å auke reliabiliteten i oppgåva, kunne somme av spørsmåla vorte omformulert. Om undersøkinga hadde hatt fleire korte og opne spørsmål ville funna vorte tydlegare i forhold til problemstillinga. Når ein fyrst har satt seg inn statistikkprogrammet SPSS, gjer det det fullt mogleg å kategorisere funna ein hentar inn på opne spørsmål på ein god måte (Postholm og Jacobsen 2011, s.131)

Sidan det har kome endringar i personvernlovgivinga var det ikkje mogleg å ta opp intervjuet, dette førte til at eg måtte notere undervegs. Då er det ei viss fare for at ein vert subjektiv eller går glipp av viktige poeng. Flyten i samtalen kan verta påverka av at intervjuar må stoppa opp for å notera ferdig.

Undersøkingane eg har føreteke er ikkje generaliserbare, sidan dei er gjort i såpass liten utstrekning, men saman med forskning på temaet kan det anten styrke eller svekke resultatane mine. Eg vil også ta omsyn til eventuelle avvik, og dei store undersøkingane som er blitt gjort på det same temaet, og det kan i denne undersøkinga førekoma avvik som det ikkje er grunnlag for å nytta i oppgåva.

I neste kapittel skal eg presentere funn frå spørjeskjema og intervju.

## 4.0 PRESENTASJON AV FUNN

Dette kapitlet ser nærare på dei mest aktuelle funna frå spørjeundersøkinga og forskingsintervjua. Her vert det framstilt kva elevane seier om motivasjon og lesevanar, kva skilnadar me finn mellom kjønna, korleis lærarane motiverer til lesing og kva skilnadar dei ser mellom kjønna. Funna som vert presentert er dei som er mest relevante for problemstillinga, og difor finst det datamateriell som ikkje vert belyst.

### 4.1 KVANTITATIV SPØRJEUNDERSØKING

Det var 48 respondentar som deltok i den kvantitative spørjeundersøkinga (vedlegg 2), 25 jenter og 23 gutar.

Resultata vert presentert i fire delar, generelt om gutar og jenter sine lesevanar, førebilete, lesevanar heime og på skulen og til slutt kva som kunne motivert elevane til å lesa meir. Svara er framstilt i stolpediagram.

Spørsmål nummer seks vert ikkje framstilt då 25 respondentar svarte «veit ikkje», medan tolv ikkje svarte.

---

#### 4.1.1 GUTAR OG JENTER SINE LESEVANAR


Om elevane likar å lesa eller ikkje er nyttig å få fram sett frå eit kjønnsperspektiv, men og korleis leselysta generelt er på trinnet. Kva sjanger elevane likar å lesa er med for å samanlikne med forskning, og for å sjå det frå eit literacy-perspektiv.

Det andre spørsmålet på spørjeskjemaet var «Likar du å lesa?», svaralternativa var: 1. Eg likar ikkje å lesa, 2. Eg likar litt å lesa, 3. Eg likar godt å lesa og 4. Eg likar veldig godt å lesa.

Resultata viser at jentene likar i høgare grad å lesa, og det er berre på svaralternativ 1. Eg likar

ikkje å lesa, at gutane sin verdi ligg over jentene. Totalt på 9. trinn er det berre åtte prosent av alle elevane som svarar at dei likar veldig godt å lesa. Sjå figur 1. Kvifor 44% av elevane svarar at dei ikkje likar å lesa kan det vera mange grunnar til. Roe (2014) understrekar i *Lesedidaktikk* at gutane i ei undersøking om lesing med det same trudde spørsmålet handla om skjønnlitteratur - og difor svara nei (Roe 2014, s. 142-143). Då denne undersøkinga ikkje presiserer kva form for lesing det er snakk om kan dette og ha hatt innverknad på resultatet. Eg kan sei dette fordi elevane har mange kryss på ulke sjangrar når dei vert spurd om kva dei likar å lesa.


**Figur 1: I kva grad likar elevane å lesa?**



I Figur 2a blei elevane spurd: Kva likar du å lesa? Svaralternativa var: a) Vitskaplege tidsskrifter, b) Skjønnlitteratur, c) Teikneseriar, d) Bloggar, e) Nettaviser, f) Anna og g) Eg les ikkje. På alternativa var det 38 jenter og 37 gutar som kryssa på fleire av verdiane, sjølv om det var presisert at dei berre skulle svara på eit. For å få meir reliabilitet i resultatet, kunne elevane fått kryssa så mykje dei ville. Skjønnlitteratur er den mest leste sjangeren for begge kjønna. Utanom den er det vitskaplege tidsskrifter 19% og teikneseriar 11% som er dei mest populære sjangrane blant gutane. Hos jentene er det, sett vekk i frå skjønnlitteratur, bloggar som er mest populært med 29%. Det er likevel 24% av gutane som svarar at dei ikkje les, og 8% av jentene som svarar det same.


**Figur 2: Kva likar du å lesa?**





Elevane kunne i tillegg skrive kva sjangrar dei likte best å lesa på spørsmål to. Fantasy er den mest populære sjangeren blant respondentane. Gutane likar i større grad å lesa krim og spenning, medan jentene scorar høgare på sjangeren drama. Sjå Figur 3.

**Figur 3: Kva sjanger likar elevane å lesa?**




### 4.1.2 FØREBILETE

Det finst forskning som peiker på at å ha førebilete heime kan ha noko å seie for lesemotivasjonen på skulen. Difor er det relevant å samanlikne i kva grad elevane likar å lesa og om dei føresette les heime eller ikkje.


I figur 4 kan me sjå at jentene har fleire føresette som les heime samanlikna med gutane, 76% av jentene og 65% av gutane. 26% av gutane og 20% av jentene har føresette som aldri les heime. Sjølv om skilnadane ikkje er så store, har jentene fleire kvinnelege lesande førebilete heime enn det gutane har. Kva dette har å seie for gutar sitt leseengasjementet på skulen er interessant, og er noko eg skal kome nærare inn på i drøftinga.

**Figur 4: Les dei føresette/foreldra bøker heime?**




Vidare kan me sjå i figur 5a og 5b at dei som les heime har føresette som les heime. Det er mange elevar som har føresette som les heime, men som likevel ikkje likar lesa.

**Figur 5a - jenter: Les dei føresette heime og likar du å lesa?**



**Figur 5b - gutar: Les dei føresette heime og likar du å lesa?**




### 4.1.3 LESEVANAR HEIME OG PÅ SKULEN

I figur 6 får me sjå kva lesevanar elevane har heime. Spørsmålet var: Kor ofte les du heime? og svaralternativa var: a) Aldri, b) 1 gong i veka, c) 2-4 gongar/veke, d) Kvar dag og e) Veit ikkje. Også dette kan vera vanskeleg for elevane å svare på, sidan å lesa er relativt, og det


kjem ikkje tydeleg fram kva som ligg i omgrepet. Eg vil difor ta utgangspunkt i at det handlar om skjønnlitteratur. Det er tre jenter og to guttar som les kvar dag, fem guttar og tre jenter svarar alternativ c) 2-4 gongar/veke, fem jenter og tre guttar svarar 1 gong i veka, og ti elevar som svarar at dei ikkje veit. Det er heile 16 (åtte guttar og åtte jenter) elevar som svarar at dei aldri les. Også her kan me sjå at det ikkje er så mange elevar som les, og i som les oftare er jamt fordelt på verdiane.

**Figur 6: Kor ofte les elevane heime?**




Anna er kontaktlærer i klasse 9X, medan Berit er timelærer i klasse 9Y. Det er tilfeldig kva klasse eg har kalla for kva. Det er interessant å sjå skilnadane mellom klassane. I utgangspunktet skulle dette ikkje samanliknast, men då det er så store skilnadar på kor mykje dei les på skulen gjer dette seg relevant. Det vert også presentert om mengdetrening i form av stillelesing på skulen har noko å seie for motivasjonen til elevane.

**Figur 7: Kor ofte er det stillelesing på skulen?**




Figur 7: Kor ofte er det stillelesing på skulen? Svaralternativa var: a) Aldri, b) 1 gong i veka, c) 2-4 gongar i veka, d) Kvar dag og e) Veit ikkje. I intervjuet svara også lærarane ulikt på dette spørsmålet. Den eine klassen, 9X, har lite stillelesing, medan den andre klassen, 9Y, har stillelesing ein dag i veka, og har hatt mykje fokus på stillelesing dette året. Difor har eg framstilt kva kjønn dei er, om elevane likar å lesa og kva klasse dei går i to stolpediagram, eit for jenter og eit for gutar, figur 8a og 8b. Her ser me at det er store skilnader på kva gutane og jentene svara. Lærarane har veldig ulik framgangsmåte når det kom til lesing og stillelesing i klasserommet. Berit seier at ho har fokus på lesing i klassen, medan Anna ikkje har det. Dette korrelerer med svara til elevane, sjå figur 7. I klasse 9X (figur 8a) er det overvekt av gutar som svarar at dei ikkje likar å lesa medan jentene fordeler seg på dei andre verdiane. Det er ei jente som seier at ho ikkje likar å lesa i Anna sin klasse. I klasse 9Y (figur 8b) er det overvekt av elevar som ikkje likar å lesa, heile 15 av 21 elevar, åtte jenter og sju gutar. Elles er det berre seks elevar som fordeler seg over dei andre verdiane. Kva som kan vera grunnane til dette skal eg kome nærare inn på i drøftinga, og det kan ha noko å gjere med elev-lærer relasjonen.

**Figur 8a – klasse 9X: I kva grad likar elevane å lesa?**




**Figur 8b – klasse 9Y: I kva grad likar elevane å lesa?**



---

#### 4.1.4 KVA KUNNE MOTIVERT TIL   LESA MEIR

Det siste sp rsmålet var det einaste som var ope, «Kva kunne ha motivert deg til   lesa meir? Gi eit r d.». Her er svara som var mest like samla, til d mes dei elevane som skreiv «bra b ker» har eg tatt i kategorien «Betreb ker/meir spennande b ker». Det var tre elevar som ikkje skreiv noko, tolv elevar som svara «Veit ikkje», og fem elevar som svara «Ingenting». Sj  figur 9.

**Figur 9: Kva kunne motivert elevane til å lesa meir?**

## 4.2 RESULTATA AV INTERVJUA

Det var to norsklærarar som blei intervjuet. Den eine læraren, Anna, har vore lærar i om lag 30 år, medan Berit er nyutdanna og har arbeida på skulen i om lag eit halvt år.

Å intervjuet berre to lærarar er for lite til at ein kan trekke slutningar om kva skilnadar ein finn mellom kjønna generelt, men me får eit innblikk i korleis dei arbeider med lesing og lesemotivasjon i klasserommet.

I intervjuet stilte eg 15 spørsmål, sjå vedlegg 3. Desse spørsmåla er basert på spørjeskjemaet. Heile intervjuet med notat ligg som vedlegg 4.

---

#### 4.2.1 KVA LES ELEVANE OG KVA SKILNADAR FINN ME MELLOM KJØNNA

Lærarane ser at det er ein skilnad mellom kjønna og kva dei les, men det som skil seg mest er kor interesserte og motiverte elevane er. Anna meiner at gutane har lett for å velje teikneseriebøker som *Amuletten* (Kazu Kibuishi 2008-2018), og dei vel gjerne enkle bøker berre for å ha ei bok på pulten. Det er også skilnad i kva sjanger gutane og jentene vel. Gutane er meir interessert i faktabøker om til dømes krig og våpen, medan jentene vel meir mogen litteratur som romanar og bøker om kjærleik. Typisk for begge kjønn er at dei likar spenning og fantasy.

Berit meiner at det ikkje er så stor skilnad i kva elevane vel å lesa, men at jenter er mognare og vel bøker som handlar om til dømes kjærleik. Ho trur at dette handlar om at mange av jentene er betre lesarar, og vel difor litt vanskelegare bøker. Det er mange elevar i klasse 9Y som slit med å lesa, difor vert det utfordrande for elevane å veta kva dei likar å lesa. Berit har av den grunn hatt ekstra fokus på lesing av skjønnlitteratur det siste halvåret. Kvifor lærarane meiner at romanar om kjærleik er meir mogen litteratur enn krigslitteratur spurde eg ikkje om, men det kan sjå ut som dei meiner tjukkare og vanskelegare bøker.

Det er fleire gutar som svarar at dei ikkje les i spørjeundersøkinga. Dette ser også Anna og Berit, det er fleire jenter som er interessert i lesing og som gjer det frivillig. Gutar har meir problem med å kome i gong med lesinga i klasserommet, og dei vel bøker ut ifrå kor lettlest boka er, framfor om boka er kjekk.

I følgje Anna er leselysta mellom kjønna noko varierende, og kva elevane vel å lesa er avhengig av kva interesse dei har. Typisk for begge kjønn er at dei som les mykje sluker bøkene. I klasse 9Y er det generelt lite leselyst, Berit veit berre om to-tre stykk som les på fritida. Det er mange som les seint, og ho seier at det verkar som at elevane skammar seg litt over dette. Berit må planlegga alle timane sine veldig godt, og ho kan ikkje forvente at alle elevane kan lesa ei matoppskrift og forstå den.

Anna bruker ikkje mykje tid på stillelesing. Det er helst tidleg på året ho fokuserer på dette, seinare føler ho at det ikkje er nok tid. Kor vidt dette har tyding for motivasjonen i dei respektive klassane kan me ikkje sjå ut ifrå spørjeundersøkinga. Sjå figur 8a og 8b.



---

## 4.2.2 MOTIVASJON

For å motivere elevane lar Anna og Berit elevane velje sjølv kva dei vil lesa. Anna har meldt klassen på ein lesekonkurransse for å ta imot eit hefte der elevane får ein prøvesmak på ulike bøker. Elles har dei ein kasse bøker i klasserommet der elevane kan plukke ut det dei vil lesa.

Berit er oppteken av at elevane skal halde på den vesle motivasjonen dei har når det kjem til lesing. Ho er redd for å ta frå dei dette ved å «kjefta» dersom dei ikkje har gjort leseleksa. Berit har mange elevar som slit i mange fag, og det kan vera utfordrande å lesa fagtekstar og matoppskrifter å forstå innhaldet. Berit prøver å ha stillelesing kvar torsdag i 15-20 minutt. Ser ho at det vert utfordrande å lesa så lenge pakkar ho saman og startar på noko anna. Berit har også lese høgt i *Revolverguten* (Arne Svingen, 2014), noko som har blitt tatt godt imot særleg hos gutane. Ho har «lagt lista lågt» og har ikkje meldt klassen på lesekonkurransse, men ho er tydeleg på at ho kanskje tar feil, og at det kunne vore motiverande for klassen å vera med på noko slikt. Berit nemner også at det er stor skilnad mellom klasse 9X og 9Y, dette ser ho når dei har parallelle opplegg.

Anna prøver å finne variert litteratur til elevane og å få dei til å ha lyst å lesa sjølv. Dersom elevane skal skrive bokmelding får dei alltid beskjed om dette før dei startar opp med lesinga. Anna understreker også at ein ikkje alltid skal snakke og skrive i hel bøkene, av og til har dei berre ein samtale i plenum om kva dei likte. I tillegg tar ho opp på elevsamtalar at å lesa er nyttig for å lettare forstå faglitteratur no og seinare i livet.

---

## 4.2.3 KORLEIS TILPASSE LESING FOR GUTAR OG JENTER

Når elevane skal finne seg bøker å lesa, finn dei som regel boka sjølv på biblioteket. Skulen har ein bibliotekar som er tilsett 50%. I klasse 9Y er det mange som berre tek med seg ei tilfeldig bok frå biblioteket og opp i klasserommet. Ofte viser det seg at bøkene ikkje passa for dei, då har Berit alltid nokre ekstra bøker med som ho veit kan passa til dei elevane, til dømes *Amuletten* og andre lettlesete bøker.

Både Anna og Berit har ein kasse bøker i klasserommet som vert bytta ut innimellom. Her kan elevar som er ferdig med stillelesingboka finne seg ei ny. Dersom Anna har eit spesielt tema i norsk har ho alternativ med ulik vanskegrad og sjangertype.

#### 4.3 OPPSUMMERING AV DEI VIKTIGSTE FUNNA

Me ser at leselysta til ungdommen på dette trinnet er låg. Likevel rapporterer elevane at dei les mange ulike sjangrar, noko som kan tyde på at det er skjønnlitteratur dei ikkje les. Om det er motivasjonen eller interessa kring dette som er låg er vanskeleg å seie, ofte har desse to faktorane noko med kvarandre å gjere.

Det kan sjå ut som at literacykompetansen mellom kjønna er ulik, fantasy og spenning er sjangrar begge kjønna likar, men elles rapporterer gutar og jenter ulikt kva dei likar å lesa. Dette er også noko informantane seier.

Dei som likar å lesa har føresette som les, men sidan leselysta er så låg på trinnet er det vanskeleg å trekkje ut meir informasjon frå den grafen (figur 5a og 5b).

Lærarane arbeider med å motivera i klasserommet, Berit meir enn Anna. Som Berit seier er det veldig låg motivasjon for lesing i hennar klasse. 71% av elevane hennar rapporterer at dei ikkje likar å lesa.

#### 4.4 FEILKJELDER

Då det har kome nye personvernreglar måtte eg endra den opphavlege planen om å ha ein gruppesamtale med elevar. I følgje regelverket må ein søkje om å ta opp samtalar, noko eg fekk beskjed om for seint (NSD 2018). Intervjua har blitt sendt til informantane som har godkjent framstillinga.

## 5.0 DRØFTING

I dette kapittelet skal eg drøfte funna frå forskingsintervjua og spørjeundersøkinga opp mot relevant teori og forskning som er presentert tidlegare i oppgåva. Eg har valt å dele drøftinga i tre delar: leselyst hos gutar og jenter, kva lærarar kan gjere for å motivere til lesing, og førebilete.

Dette er steg som vil gjere det enklare å kome fram til ein konklusjon på problemstillinga:  
*Kva skilnadar finn ein i leselyst mellom gutar og jenter på 9. trinn?*

### 5.1 LESELYST HOS GUTAR OG JENTER

Eit av underpunkta eg ville finne svar på i oppgåva var kva som kunne forklare skilnadane i leselysta mellom kjønna. Leselyst heng tett saman med motivasjon, engasjement, lesekompetanse og meistring, men miljømessige faktorar og arv spelar også inn. For å få eit tydeleg bilete av skilnadane mellom kjønna må me sjå dette frå fleire sider. Det finst mange studiar, forskingsrapporter og undersøkingar på kvifor gutar gjer det dårlegare i lesing enn jenter. Me ser likevel på spørsmål to (sjå figur 1) at det er det tretten gutar og ni jenter som har svara at *dei ikkje likar å lesa*, altså 44% av elevane. At du ikkje likar å lesa har ein samanheng med om du er god å lesa, eller ikkje. Bilete me får av forskinga og i media seier oss at det er gutar som ikkje likar å lese, men i mi undersøking er skilnadane mellom kjønna små, særleg i klasse 9Y (figur 8b). I følgje informantane er dei fagelege skilnadane mellom klassane store, og grunnane til at så mange elevar har svara dette kan vera mange. Det kan hende at det hos nokre grupper elevar blir sett på som lite «kult» å lese, men det kan også sjå ut som at mange elevar les lite heime (figur 6). Dersom elevane berre vert introdusert for bøker på skulen, kan dette bli sett på som kjedeleg og noko dei «må» gjera. På fritida har elevane tilgang til mykje som er meir freistande enn ei bok og som tek fokus og merksemda til elevane, til dømes som mobil, PC og sosiale media. Det kan også vera som Roe (2014) påpeiker, eit resultat av at elevane instinktivt trudde det dreide seg om skjønnlitteratur. Ved å formulere spørsmålet slik kjem det ikkje tydeleg fram kva som ligg i omgrepet «å lesa» (s. 142-143).

Anna og Berit seier det same som elevane rapporterer, det er mange elevar, særleg gutar, som ikkje likar å lesa og som slit med lesing på trinnet. Dei meiner at det som skil seg mellom kjønna er kor interesserte og motiverte dei er til å lesa. Dei seier at gutar i høgare grad vel lettleste bøker og jenter vel lengre romanar om kjærleik. Likevel kan me sjå at det var 75 avkryssingar på spørsmål to, og at elevane likar å lesa mange ulike sjangrar (figur 2 og figur 3). Dersom elevane blei introdusert til interessant lesematerialet kunne motivasjonen og engasjementet for å lese ha auka. Resultatet på spørsmål tre kunne vorte enda meir tydeleg dersom elevane fekk svare fritt.

I spørjeundersøkinga kjem det også fram at det er like mange jenter og gutar som svarar at dei *aldri* les heime (sjå figur 6). Dette kan me seie med sikkerheit at ikkje stemmer, dei fleste les på mobil og internett kvar dag. Igjen veit me ikkje kva elevane legg i dette spørsmålet, og hadde det kome tydeleg fram hadde dei kanskje svara annleis. Det kan vera at mange elevar ikkje har interesse av å lesa akkurat no, som ungdom er det mange andre aktivitetar som er meir spanande enn å lesa bøker.

---

### 5.1.1 LITERACYKOMPETANSE

For å fremje leselysta bør lærarar sjå på kva type litteratur dei fremjar til elevane. UNESCO forklarar literacy som noko som er i stadig endring, særskild grunna digitaliseringa av samfunnet, og difor bør skulen anerkjenna den literacykompetansen mange gutar tar med seg inn i skulen, og utnytte den for å skape leseglade gutar (u.å.). Skjønnlitteratur som sjanger skal ein sjølv sagt behalde, mellom anna for å kunne sette seg djupare inn i tekstar, og det kan vera ein viktig del av identifikasjonen til ungdomar. Difor er det sentralt å finne litteratur som spesielt gutar kan identifisere seg med, sidan dette ser ut til å tyde meir for dei enn for jentene (Roe 2014, s. 148). Gutane rapporterer i spørjeundersøkinga at det er skjønnlitteratur som er den mest populære sjangeren, noko som ikkje samstemmer med forskinga til Roe (2014). Dette kan vera tilfeldig, men det kan også vera at dei har mykje fokus på skjønnlitteratur på den aktuelle skulen. Elles har gutar og jenter i spørsmål tre valt ulike sjangrar, sjå figur 2 og 3. Dette tydar på at literacykompetansen er ulik mellom kjønna. Anna og Berit verkar å vera opptekne av å finne bøker som passar til elevane, sjølv om det først og fremst er skjønnlitteratur dei fokuserer på. Kanskje bør læraren satse på enda breiare lesemateriale

framfor alt for å auke motivasjonen, men også for å auke leselysta blant elevane. Leselysta er generelt låg på trinnet, og me veit at å lesa noko som er interessant betyr mykje for motivasjon og leselyst. Å lesa er ikkje einstyddande med skjønnlitteratur, det viktigaste er at elevane les!

Sett frå eit samfunnsperspektiv kan det hende at skulen treng å læra meir om literacy for å fremje lesekompetansen til elevane. Å ha god lesekompetanse er essensielt for å kunne ta høgare utdanning og for å få jobb i framtida (Roe 2014, s. 11). Difor er det avgjerande å få jamne ut skilnadane me ser i lesing mellom kjønna i dag.

---

### 5.1.2 FORVENTINGAR

Kva forventingar me har til kjønna kan i følgje Eidevald (2009) vera ein faktor til kjønnskilnadane, og relevant å drøfte. Sjølv om dette ikkje har vore ein del av forskingsprosessen, har det undervegs i arbeidet kome fram undersøkingar som støttar kjønnsstereotypiske haldningar me har til barn i barnehagealder. At jenter ligg føre gutane i lesing og i skulen generelt er ikkje eit nytt fenomen, jenter har alltid lege føre gutane i dei fleste skulefaga (Molloy, 2013). Det som gir samfunnet grunn til uro i dag er at jenter i høgare grad enn gutar tar utdanning på masternivå, og at gutar havnar etter på jobbmarknaden og i livet generelt (Roe, 2014, s. 13-14). Det finst ikkje noko eintydig svar på korleis me kan løyse dette, men det kan syne til at me har lågare forventingar til gutar enn til jenter. Det er kjent at dei forventingane me vaksne har til ungane våre tyder noko i forhold til korleis dei agerer. At me, som Eidevald (2009) påpeiker, har oppfatningar om at jenter tar meir omsyn, er mindre aggressive og har betre språklege evner kan få negative følgjer for gutar i oppveksten og seinare i livet (Eidevald, referert NOU 2019, 2019:3, s. 124). Kanskje me treng meir kunnskap om eigne haldningar og normer kring kva som er mannleg og kvinneleg? Medan jenter kjemper for å få merksemda til barnehagetilsette, får gutar meir hjelp og blir snakka til oftare. Jenter vert oppdratt til å klare seg meir sjølv, medan tilsette i større grad forventar at gutar treng hjelp. Dette kan ha noko å seie for skulegongen til ungane, forventingane om at jenter er meir sjølvstendige og gutar ikkje, kan føre til at når gutar først skal klare seg åleine kan det verte utfordrande for mange.

## 5.2 KVA KAN LÆRARAR GJERE FOR Å MOTIVERE TIL LESING

Lesedugleiken din heng ofte saman med kor motivert du er og kor godt du likar å lesa. Er det vanskeleg og tungt er terskelen høgare for å sette seg ned med ei bok. Kva tiltak som må til for å auka leselysta blant ungdom, og framfor alt gutar, handlar om å skape interesse og engasjement for lesing. Det er ikkje sikkert at dei som ikkje likar å lesa berre skal bli introdusert for skjønnlitteratur. Faglitteratur kan gi like god lesetrening, og i tillegg får elevane kunnskap og forståing om temaet (Guthrie, referert i Roe 2014, s. 141-142).

I spørjeskjemaet rapporterer ein stor del av ungdommane at dei ikkje likar å lesa (figur 1). Det kan tyde på at det elevane les no ikkje er interessant, likevel verkar det ikkje som at elevane har avgrensa tilgang på lesemateriell. Å tilpasse vanskegraden til det elevane les er ein viktig faktor, er bøkene for lette eller for vanskelege kan dette, saman med insentivverdien, ha noko å seie for om elevane i det heile tatt orkar å starte på boka (Imsen 2005, 315-317). Den låge leseinteressa ser me tydeleg i klasse 9Y. Sjølv om det har hatt fokus på lesing i det siste kan me sjå at 71% av elevane ikkje likar å lesa (figur 8b). Berit arbeider mykje med å skape ein positiv atmosfære rundt lesing, og har ikkje tru på å kjefta og gi elevane dårleg samvit for at dei ikkje les. Ho er oppteken av å prøve å tilpasse tekstar til ulike elevar når dei skal ha stillelesing. Det kan likevel sjå ut som at det er ein del utfordringar knytt til lesing i 9Y, noko også Berit seier. Det er mange som slit med å lesa og forstå det dei les. Å setje seg ned å lesa når ein ikkje likar det kan gjerne kjennast meir som tvang for elevane enn som noko kjekt. Berit må somme gongar pakka vekk bøkene og starte på noko anna allereie etter 15 minutt, fordi elevane blir ukonsentrerte. Det kan hende at ein dag i veka med stillelesing er for lite, og at ho som Guthrie (2009) påpeiker burde setje av litt tid til lesing kvar dag for å gi elevane mengdetrening.

Berit har gode erfaringar med høgtlesing, sjølv om elevane går på ungdomsskulen. Det positive med dette er at alle elevane får med seg kva som vert lesa, og ein kan få gode samtalar og diskusjonar rundt handlinga i boka, alle vert ferdige samtidig og gruppa kan få ei felles og positiv oppleving. Noko som i sin tur kan føre til høgare lesemotivasjon (Guthrie, referert i Roe 2014, s. 141-142). Anna på si side har ikkje hatt så mykje fokus på høgtlesing, ho forklarar dette med at det er lite tid til lesing i 9. trinn. Dette ser ikkje ut til å tyde veldig mykje for jentene, sidan det er berre ei jente som svarar at ho ikkje likar å lesa. For gutane er det tydelegare (figur 8a). Hadde Anna lese meir for elevane sine, kunne det kanskje ført til

høgare lesemotivasjon. Anna blir under intervjuet merksemd på at ho har hatt lite fokus på lesing i år, og er klar på at dette er noko ho vil følge opp. Forsking seier at relasjon har mykje å seia for korleis elevar jobbar i klasserommet, dei ynskjer å yta for læraren sin. Sjølv om det var noko overraskande at det var så mange elvar som likte å lesa i Anna sin klasse, kan det vera ein faktor at ho har vore kontaktlæraren deira sidan oppstarten av 8.klasse.

Å ha høgtlesing i klasserommet fører med seg mykje positivt, men for at elevane skal få mengdetrening treng dei å lesa sjølv. Stillelesing i klasserommet er viktig for å fremje lesekompetansen hos elevane, samstundes som det kan bidra til auka leselyst og lesemotivasjon (Malloy og Gambrell, referert i Svanes 2016, s. 3). For å ha nytte av stillelesing bør ein leggja opp til ulike aktivitetar i forbindelse med lesinga for å veta om elevane faktisk les og kva dei får med seg. Guthrie sine fem lesepunkt er ein metode ein kan nytte her, saman med den litterære samtalen. Elevane får seie noko om kva dei synst om boka og får autentiske oppfølgingsspørsmål frå læraren, noko som kan skapa ei positiv leseoppleving (Guthrie, referert i Roe 2014, s. 137-139). Dette krevjar innsats av læraren, og noko av det Anna ser på som utfordrande. Å ha stillelesing i ein klasse med om lag 30 elevar gjer det umogleg å ha kontroll på om alle les. Difor har Anna og kollegaen hennes valt å dele klassen opp i to, og kan på den måten fylgje elevane betre opp. Anna har mindre fokus på stillelesing enn kva Berit har. Dette er noko Anna sjølv seier, og noko spørjeundersøkinga viser (sjå figur 8a). Når dei har stillelesing meiner Anna det er viktig å samtale om bøker dei les. For å ha klare forventingar til kva elevane skal med boka gir ho dei beskjed på førehand dersom skal levere inn eller presentere ei bokmelding. For å motivere legg ho vekt på å få fram at bøker er ei oppleving og skal nytast. Ho meiner det kan verta for mykje analysing noko som kan øydelegge leseopplevinga. Å saman i klasserommet diskutere kva elevane likte med bøkene ser ho stor verdi av, og meiner det er bra at elevane kan påverka kvarandre positivt, ved å samtala om bøker dei les.

Anna og Berit meiner at kva elevane les først og fremst heng saman med kor motivert og engasjert elevane er, framfor kva sjanger dei likar å lesa. Når det kjem til kva sjanger elevane vel, stemmer dette med kva informantane trur. Begge lærarane meiner at skilnadane i sjanger ikkje er så stor, men at jenter er meir interessert i drama, noko som i følge spørjeundersøking stemmer.

Det siste spørsmålet var eit ope spørsmål. Mange elevar svara «veit ikkje» og «ingenting», noko som ikkje var overraskande, det er den enklaste utvegen. Det var interessant å sjå at tolv

elevane svare at dei kunne vorte meir motiverte til å lesa, dersom dei fekk lesa betre og meir spennande bøker. Dette kan tyde at det dei les på skulen no ikkje er interessant nok til at det skapar motivasjon til lesing, og at lærarane treng å bruke meir tid på å finne spanande lesematerial. Her er det viktig å påpeika at den boken som elevane har er eit utval av skjønnlitteratur, og då har dei ikkje eit «val», men nokre alternativ. Opnar dei opp for at stillelesing også kan bety å lesa til prøve, eller øva på teori til sertifikat?

### 5.3 FØREBILETE

For at elevane skal bli gode lesarar treng læraren og skapa god lesekultur i klasserommet. Ved å motivere elevane og skape engasjement for lesing, kan dette i sin tur føre til auka leseglede og lesekompetanse. At det er fleire kvinner enn menn i skulen er eit faktum, men det finst studiar som peiker på at førebilete i skulen ikkje har noko å seie for det faglege resultatet til elevane (Holmlund og Sund 2008, s. 39 og Cho 2012, s. 59). Når det kjem til andre områder meiner Roe (2014) at kvinner aldri kan bli like gode førebilete for gutar som menn. Difor treng me mangfald i lærarstanden (s. 148). Elevane treng førebilete som les og snakkar varmt om bøker, men ansvaret ligg ikkje berre på skulen. Kva som føregår på heimebane er også viktig for leseutviklinga og lesekompetansen til elevane, både på skulen og seinare i livet.

I spørjeundersøkinga rapporterer jentene at dei har fleire føresette som les heime enn gutane. Dette kan vera ein faktor til at leselysta blant gutane er låg på trinnet. Skilnadane mellom kjønna er likevel ikkje så store, og me ser at om lag 70% av elevane har føresette som les heime (figur 4). Leselysta på trinnet er låg sjølv om såpass mange føresette les heime. Både Anna og Berit vitnar om låg lesekompetanse for mange elevane noko som kan vera grunnen til den låge leseinteressa på trinnet. Me kan likevel sjå at dei som likar å lesa har føresette som les heime (figur 5a og 5b). Har me for mykje vekt på det ytre kring eleven, og for lite vekt på dei indre opplevingane eleven har hatt når det kjem til lesing og meistring?



## 6.0 KONKLUSJON

Målet med oppgåva var å finne ut kva skilnadar me finn i leselyst mellom gutar og jenter på 9. trinn. Eg ville også finne ut kva som kunne forklara skilnadane, og korleis lærarar kan motverka skilnadane og leggje til rette for ei leseopplæring som styrkar lesedugleiken til gutar og jenter. Problemstillinga vart difor: *Kva skilnadar finn med me i leselyst mellom gutar og jenter på 9. trinn?*

Leselyst har samanheng med motivasjon og lesedugleik (Roe og Taube, referert i Lundetræ og Solheim 2013, s. 53). Motivasjonen blir fremja av å ha god lesedugleik, og ved å lesa mykje kan den styrkjast. Høgtlesing og stillelesing er metodar som kan auka leselyst, og læraren bør tilpasse lesestoffet til kvar enkelt elev, for å auka prestasjonsmotivasjonen (Atkinson, referert i Imsen 2005, 315-316). Læraren må ha kunnskap om literacy og ha eit breitt utval av litteratur i klasserommet.

Gjennom forskinga mi har eg kome fram til at det finst skilje mellom kjønna når det kjem til leselyst. Undersøkinga mi viser at det er ulikt kva sjanger kjønna ynskjer å lesa og at dei har ulik literacykompetanse. Sjølv om skilnadane mellom leselysta til gutane og jentene på 9.trinn ikkje var store, var det likevel fleire gutar som sa at dei ikkje likte å lesa, noko som samsvarar med det dei nasjonale undersøkingane også viser.

Forventingane me har til gutar og jenter i skulen både fagleg og sosialt har mykje å seie for korleis barn og ungdom agerer. Det er samfunnet si oppgåve å jamne ut skilnadar, og det er utdanningsinstitusjonane som skal halda seg oppdatert på samfunnet si utvikling. At gutane ligg etter jentene i lesing er noko som må løysast, fordi god lesekompetanse er så viktig for å ta del i samfunnet (Roe 2014, s. 11). Skulen bør utvida literacykompetansen sin for å møta dei behova elevane har for å utvikla lesedugleikane sine, og jamna ut skilnadane mellom leselyst hos gutar og jenter.

Det kunne vore interessant ved eit anna høve å undersøkje kva kunnskap lærarar i skulen har om leselyst, literacy og lesing som grunnleggjande dugleik, for å få eit større bilete av korleis skulen arbeider med lesing.

## LITTERATURLISTA

- Cho, I. (2012). The effect of teacher-student gender matching: Evidence from OECD countries. *Economics Education Review*, 31(3), 54-67
- Frønes, T. S. (2016). Resultater i lesing. Kjærnsli, M. og Jensen F. (Red.) *Norske elvers kompetanse i naturfag, matematikk og lesing i PISA 2015*. (s. 136-173) Oslo: Universitetsforlaget. Henta frå: <https://www.idunn.no/sto-kurs-pisa-2015/7-resultater-i-lesing>
- Holmlund, H. & Sund, K. (2008). Is the gender gap in school performance affected by the sex of the teacher? *Labour Economics*, 15(1), 37– 53.
- Imsen, G. (2014). *Elevenes verden. Innføring i pedagogisk psykologi*. (5.utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Johannessen, A. (2007). *Introduksjon til SPSS* (3. utg.). Oslo: Abstrakt Forlag
- Kunnskapsdepartementet (10. april 2014). *Jenter flinkere på skolen enn gutter*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/Jenter-flinkere-pa-skolen-enngutter/id756369/>
- Kunnskapsdepartementet. (2018). *Kjerneelementer i fag. Fastsatt av Kunnskapsdepartementet som føringer for utforming av læreplaner for fag til LK20 og LK20S*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/3d659278ae55449f9d8373fff5de4f65/kjerneelementer-i-fag-for-utforming-av-lareplaner-for-fag-i-lk20-og-lk20s-fastsatt-av-kd.pdf>
- Molloy, G. (2013). Jag ryser når jag ser en bok. I K. Kverndokken (Red). *Gutter og lesing*. (s. 13-31). Bergen: Fagbokforlaget
- NSD. (14. august 2018) *Nye personopplysningslov. Her er de viktigste endringene*. Henta frå [https://nsd.no/personvernombud/ledelse\\_administrasjon/20juli-endringer.html](https://nsd.no/personvernombud/ledelse_administrasjon/20juli-endringer.html)
- NOU 2019:3. (04. februar 2019). *Nye sjanser – bedre læring – Kjønnforskjeller i skoleprestasjoner og utdanningsløp*. Henta frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/8b06e9565c9e403497cc79b9fdf5e177/no/pdfs/nou201920190003000dddpdfs.pdf>

- Postholm, M. B. og Jacobsen, D. I. (2014). *Læreren med forskerblikk. Innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Kristiansand: Høyskoleforlaget
- Roe, A. (2013). Norske gutters resultater på nasjonale og internasjonale leseprøver. I K. Kverndokken (Red). *Gutter og lesing*. (s. 13-31). Bergen: Fagbokforlaget
- Roe, A. (2014). *Lesedidaktikk – etter den første leseopplæringen* (3.utg.). Oslo: Universitetsforlaget
- Rongved, E. (22. desember 2015). *Lesemiljøet i hjemmet avgjørende for barns leseferdigheter*. Henta frå <https://lesesenteret.uis.no/forskning/forskningsartikler/lesemiljoet-i-hjemmet-avgjorende-for-barns-leseferdigheter-article99457-12576.html?articleID=99457&categoryID=12576>
- Skaalvik, E. M., & Skaalvik, S. (2015). *Motivasjon for læring. Teori + praksis*. Oslo: Universitetsforlaget
- Svanes, I. K (2016). *Stillelesing i norskfaget – fra pustepause for læreren til veiledningsøkt i lesing?* (Studie). Institutt for pedagogikk, Universitetet i Oslo, Acta Didactica Noreg
- UNESCO. (u.å.) *Literacy*. Henta 14.mai 2019 frå <https://en.unesco.org/themes/literacy>
- Utdanningsdirektoratet. (2015). *God leseopplæring – for lærere på ungdomstrinnet*. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/lesing/god-leseopplaring--for-larere-pa-ungdomstrinnet/hva-sier-forskningen/>
- Utdanningsdirektoratet. (2015). *Komponenter i god leseopplæring – hele dokumentet*. Henta frå <file:///C:/Users/Kristine/Downloads/Komponenter-i-god-leseopplaring.pdf>
- Utdanningsdirektoratet. (18. mars 2016). *Relasjoner mellom elever*. Henta frå <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/psykososialt-miljo/Relasjoner-mellom-elever/Larerelev-relasjonen-og-elevelev-relasjoner/>
- Utdanningsdirektoratet. (2018). *Analyse av nasjonale prøver på 8. og 9. trinn 2018*. Henta frå <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/tema/nasjonale-prover/analyse-av-nasjonale-prover-i-lesing-regning-og-engelsk-pa-8.-og-9.-trinn-2018/>

VEDLEGG

Vedlegg 1: Samtykkeskjema til føresette

Vedlegg 2: Spørjeundersøking

Vedlegg 3: Intervjuguide

Vedlegg 4: Intervju av informantar med notat

## VEDLEGG 1: SAMTYKKESKJEMA TIL FØRESETTE

21. februar 2019

Til føresette på 9. trinn ..... skule.

Eg er lærarstudent som går 3. året på grunnskulelærerutdanning på HVL, campus Stord.

Dette semesteret skal eg skrive Bachelor i pedagogikk og elevkunnskap, der eg skal fokusera på leselyst blant gutar og jenter på ungdomstrinnet.

Forsking viser at det kan vera forskjell på leselyst mellom gutar og jenter, dette er noko eg vil sjå nærare på.

Veke 6-8 skal eg vera i praksis på ..... Skule i 9. trinn og eg ynskjer å gjennomføre mitt forskingsprosjekt då.

Eg vil i praksisperioden nytta spørjeskjema for å finne ut om elevane likar å lese og kva dei er mest glad i å lese. I tillegg ynskjer eg å måle lesefarten deira.

Alle data vorte handsama konfidensielt. Verken namn eller kjenneteikn på elevane vil verta brukt. Dette er frivillig, og dersom ein ikkje vil ha barnet sitt med på dette, ta kontakt med kontaktlærer.

xxx mob. ..., xxx mob. ..., xxx mob. ... xxx mob. ...

Dersom de ynskjer meir informasjon kan de ta kontakt med underteikna.

Med venleg helsing

Kristine Olsen, E-mail: [kriols@hotmail.com](mailto:kriols@hotmail.com)

## VEDLEGG 2: SPØRJEUNDERSØKING

**Leseundersøking 9. trinn.****Sett ring rundt det svaret som passar best for deg.**

1. Kva kjønn er du?
  - a) Jente
  - b) Gut
  
2. Likar du å lesa? Set ein ring rundt det talet du kjenner deg best igjen i.
  1. Eg likar ikkje å lesa
  2. Eg likar litt å lesa
  3. Eg likar godt å lesa
  4. Eg likar veldig godt å lesa
  
3. Kva likar du å lesa? Set ring rundt den sjangeren du liker **best**. Svar på **eit** alternativ.
  - a) Vitskapelege tidsskrifter. T.d.: Illustrert vitenskap, Ny Historie, National Geographic, etc.
  - b) Skjønnlitteratur: Spenning, fantasy, romantikk, drama eller krim.

Kva av desse sjangrane likar du best: \_\_\_\_\_

- c) Teikneseriar, T.d: Spiderman, Amuletten, Preacher, Urban Legend, Nemi etc.
  - d) Bloggar, t.d.: Sophie Elise, Funkygine, etc.
  - e) Nettaviser, t.d.: VG, Dagbladet, Aftenposten, etc.
  - f) Anna: \_\_\_\_\_
  - g) Eg les ikkje.
- 
4. Kor ofte er det stillelesing på skulen?
    - a) Aldri
    - b) 1 gong i veka
    - c) 2 - 4 gongar / veke
    - d) Kvar dag
    - e) Veit ikkje

5. Les foreldra dine / dei føresette bøker heime?

a) Ja.

Viss ja, kven?.....

b) Nei

6. Kva utdanning har foreldra dine / dei føresette?

a) Ungdomsskule

b) Vidaregåande skule

c) Yrkesskule

d) Høgskule / universitet (bachelor)

e) Høgskule / universitet (master)

f) Dr. -grad

g) Veit ikkje

h) Anna:.....

7. Kor ofte blei du lese for av ein vaksen då du var born?

a) Aldri

b) Sjeldan

c) Av og til

d) Ofte

8. Kor ofte les du heime?

a) Aldri

b) 1 gong / veka

c) 2 - 4 gongar / veke

d) Kvar dag

e) Veit ikkje

9. Kva kunne ha motivert deg til å lesa meir? Gi eit råd:

---



## VEDLEGG 3: INTERVJUGUIDE

Intervjuguide, norsklærarar, 9. trinn, skule på Vestlandet.

1. Er det forskjell på kva gutar og jenter føretrekkjer å lesa? Vel dei barnebøker, ungdomsbøker eller vaksenbøker. Kva erfaringar har du?
2. Er det forskjell på kva sjanger gutar og jenter vel? Erfaring?
3. Er det forskjell på korleis de tilpassar lesing for gutar og jenter, eller er det individuelt? Kva erfaringar har de på dette området?
4. Kvar kjem bøkene elevane les på skulen frå? Låner på bibliotek eller har lærar har med?
5. Kva opplev de at elevane likar å lesa om? Kjærleik, spenning, krim, action etc. er det forskjell mellom kjønn? Kva interesse har elevane når det kjem til kva bøker dei les? Kva erfaringar har de? Forskjell på kjønn?
6. Er det forskjell på leselyst når det kjem til kjønn? Kva erfaringar har de på dette området?
7. Kva gjer de for å motivere elevane til lesing?
8. Les de høgt i klasserommet? Og i så fall kva les de? Har de litterære samtalar om bøker?
9. Vel elevane sjølv det dei vil lesa? Vel du som lærarar av og til bøker du meiner passer til den enkelte elev?
10. Kor mykje tid har de avsett til lesing på skulen?
11. Er det forskjell på kor mykje elevane las før samanlikna med no?
12. Er det forskjell på kor mykje elevane las før samanlikna med no?
13. Har de vore med på leseprosjekt/lesekonkurranse i løpet av ungdomsskulen? Kva las de i så tilfelle?
14. Har heile klassen lese den same boka? Har de klassesett?
15. Har de ein fast tilsett bibliotekar på skulen? Kor mange prosent i så fall?

## VEDLEGG 4: INTERVJU AV INFORMANTAR MED NOTAT

Intervju av norsklærarar, 9. trinn, skule på Vestlandet.

Kontaktlærer – Anna, lærar i cirka 30 år

Introduksjon:

Lærar starta med ei anekdote om då ho skulle ha høgtlesing i ein klasse: Oppstart i klassen; så var det ein muslim, ein som mista far og ein som mista mor, ein som var medlem av Jehovas vitne. I den aktuelle boka skulle hovudpersonen grave opp eit lik på ein kyrkjegard. Plutseleg blei «alle» trakka på tærne. Det å finne ei bok til høgtlesing er utfordrande fordi det er vanskeleg å finne ei bok som ikkje trør nokon på tærne.

1. Er det forskjell på kva gutar og jenter føretrekkjer å lesa? Vel dei barnebøker, ungdomsbøker eller vaksenbøker. Kva erfaringar har du?

Svar: Gutar går på teikneseriebøker, amuletten, om å gå på ungdomsskulen, lite skrift berre for å ha ei bok på pulten. Gut X; kunne lest meir utfordrande, velje ei alt for lett bok fordi han ikkje gidd.

Jenter: meir vaksenbøker, seriar og moderne bøker, vel dei fagleg sterke og modne jentene. Jente med dysleksi kjærleik, Bente Bratland tematikk forelsking, incest, lesa for å stille nysgjerrigheten sin - ikkje så vanskelege bøker.

2. Er det forskjell på kva sjanger gutar og jenter vel? Erfaring?

Svar:

Jenter:

Gutar: Vel det dei har interesse av – Gut Y les om kniv – vanleg med faktabøker og våpen under krig,

Begge kjønn: Harry Potter – dei var små når dei kom ut, så dei har ikkje sett da, alt for unge, ein trur at alle har sett filmene.

Ringenes herre har ikkje prega denne gjengen mykje. (Svar på spørsmål 1.)

3. Er det forskjell på korleis de tilpassar lesing for gutar og jenter, eller er det individuelt? Kva erfaringar har de på dette området?

Svar: Elevane vel bøker sjølv. Er det eit bestemt tema i norsk så har lærar alternativ med ulik vanskeleghetsgrad og sjangertype på tekstane dei for velje mellom. Dersom elevar får velje fritt er det vanskeleg for lærar å ha kunnskap om alle bøkene.

4. Kvar kjem bøkene elevane les på skulen frå? Låner på bibliotek eller har lærar har med?

Svar: Lærar har med bøker. For stillelesing så har dei lånt sjølv på biblioteket. Luksusproblem på skulen for tida har ein bibliotekar som har rydda i bøkene og som er interessert i kva elevane ønsker å lesa, i tillegg har skulen litt midlar til dette. Same bibliotekar jobbar på folkebiblioteket. Bibliotekaren har mykje kunnskap, 50 % stilling tidlegare 10-15 %.

5. Kva opplev de at elevane likar å lesa om? Kjærleik, spenning, krim, action etc. er det forskjell mellom kjønn? Kva interesse har elevane når det kjem til kva bøker dei les? Kva erfaringar har de? Forskjell på kjønn?  
Svar: Har svara på dette på tidlegare spørsmål.

6. Er det forskjell på leselyst når det kjem til kjønn? Kva erfaringar har de på dette området?

Svar: Varierende - dei som likar å lesa og som finn underhaldning i dette sluker bøkene, nokre sterke som gjer dette. Dei svake veit knapt kor biblioteket ligg, dei sterke søker det sjølv på fritida har med seg noke å lesa i sekken. Fleire jenter enn gutar som er interessert.

7. Kva gjer de for å motivere elevane til lesing?

Svar: Prøver å finne variert litteratur, meir enn lærebøker, underhaldning. Skrive noko om alle dei ulike sjangrane, snakke om kor godt det kan vere å sette seg ned å lesa ei bok og at det har lengre underhaldningsverdi enn ein film, betre investering i ei bok enn i ein film. Lærar viser variasjon og prøver å få elevane lyst til å lesa sjølv. Tar det opp på samtalar at dei som slit med forståing av fagtekstar, kan utvikle språk gjennom å lesa. Mange elevar les men veit ikkje kva dei les.

8. Les de høgt i klasserommet? Og i så fall kva les de? Har de litterære samtalar om bøker?

Svar: Les tekstar høgt i klasserommet, gjer at me får ein fellessekk om ting me har lese, leiter etter tid til å ha litterære samtalar om tekstar. Gode litterærare samtalar handlar om å finne ut kva tid teksten er skrivi, korleis finne ut kva tid teksten er skrivi, kva peiker på dette, fantasy/verkelegheit - kva i teksten peikar på kva som er kva? Kva får du vite om hovudpersonene? Kva metaforar og symbolbruk finn me i teksten - kva betyr det at bilen var blå, kunne den vore ein anna farge. For mange litterære samtalar kan vere dumt, for då øydeleggar ein kanskje teksten og elevane vegrar seg for å lese teksten. Får å lære noko må ein ha litterære samtalar fleire gongar. Må vere felles stoff.

9. Vel elevane sjølv det dei vil lesa? Vel du som lærarar av og til bøker du meiner passer til den enkelte elev?

Svar: Vel sjølv frå biblioteket, dei bøkene lærar har kjennskap til promotere lærar. Haustens leseaksjon melde dei seg på berre for å få hefte med tekstar - utdrag frå nye bøker, så kan elevane sjølv velje kva dei vil lese, bøkene kjem gjerne litt seint til biblioteket og kanskje for få av den same boka så elevar må gå å vente på bøkene og då dabbar gjerne lysta av.

10. Kor mykje tid har de avsett til lesing på skulen?

Svar: Alt for lite, i periodar les me mykje, særleg oppstart av skuleåret. Føler eg har nytta for mykje tid til dette då for at timeplanen skal gå opp, men veit at eg bruker for lite tid til lesing. Når eg får desse spørsmåla no, kjenner eg at eg bruker for lite tid til lesing, og skal ta opp tråden på dette igjen, 15 min i starten av skuledagen går fint.

11. På barneskulen har elevane ofte skjønnlitterærleselekse, kva tenkjer de om dette på ungdomsskulen? Er det like viktig då elevane vert eldre?

Svar: I periodar, innimellom, har eg kopiert eit kapittel av ei bok me helde på å lese så les dei det heime, så fortsett me på skulen. Spesilet dei som har vore vekke frå skulen får lese det heime. Jobbar med tema

kjærleik og samliv, makt og motmakt store tema så har dei gjerne ein tekst og to dei må lese i løpet av ei veke. Like viktig? Ja like viktig, alt er like viktig. Men avgrensa kor mykje tid ein kan legge på det.

12. Er det forskjell på kor mykje elevane las før samanlikna med no?

Svar: Lese lika mykje, men på ein anna måte, les på andre media andre ting. Må jo lese for å velje seg ein film dei har lyst å sjå på Netflix, sms, messenger. Lesemønsteret har endra seg, elevane les meir nyhende - meir lesing på mobil.

13. Kva gjer elevane når dei er ferdige med ei bok, har dei nokre oppgåver i forbindelse med dette? Til dømes bokmelding eller liknande?

Svar: Elevane er flinke å spørje: skal me noko med denne boka? Får dei gjerne svar at dei skal lage ein tekst på to sider om hovudpersonane. Eller bokpresentasjon i skriftleg form, så trekk me ispinnar og elevane skal fortelje kva som er kjekt med boka, for å motivere medelevar til å vilje lese den same boka. Små drypp som kanskje får andre til å ville lese, jente X - nn/bm, skapa stor interesse. Skal dei bruke bokmelding får dei vite dette på førehand.

14. Har de vore med på leseprosjekt/lesekonkurranse i løpet av ungdomsskulen? Kva las de i så tilfelle?

Svar: Ingen konkurranse. Eller leseprosjekt, melde oss på men for å få hefte med tekstar.

15. Har heile klassen lese den same boka? Har de klasesett?

Svar: Har tenkt å bestille til hausten Ingelin Røssland - Handgranatgranateple (nn), Engleslakt! - ei mor som har dødd av kreft. Sommarferien høgtlesing - her merkar me kor fort tida har gått, t.d. med å fremkalle bilder. Skrive om noko som korleis det var før. Skal lese den høgt til hausten - skulle ha lese den tidlegare men ikkje med denne klassen.

Bestiller boka inn den er ikkje på skulen, leverer den tilbake når me ferdig med den.

Skal også ha oppgåve der dei skal velje seg eit tema som dei skal ha fordjuping, likt særernne. Samanlikna tre ulike tekstar frå ulike tider med same tema, t.d. korleis skriv dei om kjærleik i tre ulike epokar. Til dei som ikkje er gode lesarar, vel lærar tema og bøker, t.d. fantasy eller eventyr som tema - eventyr Asbjørnsen og Moe, Roald Dahl SVK og sjå ein Harry Potter film i staden for å lese. Motivasjon til lesing.

16. Har de ein fast tilsett bibliotekar på skulen? Kor mange prosent i så fall?

Tillegg: resursbruken i faget viktig å tenke på, storleik på klassar, større problem å fylgje med på alle. Deler klassen i to per dags dato for å vite korleis dei opplev det dei les, samtalar med elevar om kva dei les om noko dei ikkje skjønar - individuelt. Gruppe på 15, har mykje meir tid til å få den individuelle kontakten.

Intervju av norsklærarar, 9. trinn, skule på Vestlandet.

Timelærar, frå november - Berit, nyutdanna lærar.

16. Er det forskjell på kva gutar og jenter føretrekkjer å lese? Vel dei barnebøker, ungdomsbøker eller vaksenbøker. Kva erfaringar har du?

Svar: I denne klassen er det veldig mange som les veldig seint, verkar inn på kva bøker dei vel, vanskeleg å motivere dei til å lese, hatt dei med på biblioteket så berre «røsker» med seg ei bok. Lånt med meg barnebøker med teikneseriar med tekst, Donald, Amulletten ser at dei når dei ser at den dei tok var får vanskeleg vel dei dei lærar har tatt med seg opp. Skamme seg litt for at dei les seint. Har tidlegare hatt lesetest som har vist at det er mange treige lesarar som treng mykje lesetrening. Om dei les dårleg påverkar alle andre fag, matoppskrifter etc. Eg må tenke over all planlegging, kan ikkje rekne med at dei kan lese ei oppskrift og forstå den. Dei kan lese teksten men skjønar ikkje innhaldet, spes dei som slit.

17. Er det forskjell på kva sjanger gutar og jenter vel? Erfaring?

Svar: Ikkje så stor forskjell, jenter er modnere, jenter vel bøker som handlar om kjærleik, gutar syns det er kjekt med Gutar i trehuset og Donald. Dette handlar om at mange av jentene er betre lesarar og difor vel dei litt vanskelegare bøker. Mange les så lite at det veit ikkje kva dei likar, t.d. nemner ei bok men elevane skjønar ikkje kva sjanger det er.

18. Er det forskjell på korleis de tilpassar lesing for gutar og jenter, eller er det individuelt? Kva erfaringar har de på dette området?

Svar: Vanskeleg å tilpasse lesing i andre fag og lekser, veit at eg gir lekser som er vanskelege for enkelte, nokre individuelle arbeidsplanar og lekseplanar, men det vanskeleg for det er så stort sprik, dei som treng meir utfordringar dett mellom to stolar.

19. Kvar kjem bøkene elevane les på skulen frå? Låner på bibliotek eller har lærar har med?

Svar: Litt forskjellig, får ein kasse som står i klasserommet, låner sjølv frå biblioteket då dei er ferdig med den lånar dei frå kassen, om dei ikkje finn noko i den går dei på biblioteket.

20. Er det forskjell på lese lyst når det kjem til kjønn? Kva erfaringar har de på dette området?

Svar: Generelt liten lese lyst, to-tre som lærar veit les heime. Har hatt leselekse denne veka lese 20 min kvar dag i bok dei har funne. Når me skal lese i klasserommet er det veldig mange som opnar på første side, dei har ikkje gjort leseleksa heime. Sa ingenting om dette, er redd for å ta frå dei det litle dei har av motivasjon, og gjere dei enda meir umotivert. Blei sjokkert når eg såg kor mange av dei flinke som også begynte på første side.

21. Kva gjer de for å motivere elevane til lesing?

Svar: Prøver ikkje å snakke ned lesing, kjeftar ikkje når dei ikkje les, prøver heller ikkje å presse lesing på dei, utrolig vanskeleg når det ikkje ligg naturleg for dei. Har tenkt å etter kvart spørje dei: «Kva var det me

leste om sist?». Redd for å stille dei spørsmål som «likte du denne boka» - redd for at dei berre skal sei nei. Har ikkje bokmelding, glad for at dei les, starta på onsdag med å lese 15-20 min. Nokre dagar kan det bli lenge, då pakkar me saman, medan andre dagar les dei. Litt redd for å øydelegge for nokon, og at dei ska føle lite mesitring med bokmelding og litterære spørsmål. Dei syns fag er vanskeleg og slit i mange fag. Opplegg som me gjennomfører parallelt i klassane er det stor forskjell i, føler at min klasse går eit steg fram og tre steg tilbake. I andre klassen er elevane arbeidsamme.

22. Les de høgt i klasserommet? Og i så fall kva les de? Har de litterære samtalar om bøker?

Svar: Veldig positivt, traff gutane særleg godt med Revolvergutten, actionbok, da likte dei veldig godt.

23. Vel elevane sjølv det dei vil lese? Vel du som lærarar av og til bøker du meiner passer til den enkelte elev?

Svar: Ja, prøver å gi dei to bøker kvar så dei sjølv kan velje kva dei vil lese. Har ei som er veldig flink, men har ikkje motivasjon ho synst det er kjedeleg å lese, vanekeleg å motivere slike elevar.

24. Kor mykje tid har de avsett til lesing på skulen?

Svar: Kvar torsdag stillelesing, prøvd å ha det oftare, 15-20 min.

25. På barneskulen har elevane ofte skjønnlitteratrleselekse, kva tenkjer de om dette på ungdomsskulen? Er det like viktig då elevane vert eldre?

Svar: Førre veke var det kvar dag i 20 min, kunne sikkert vore flinkare,

26. Er det forskjell på kor mykje elevane las før samanlikna med no?

Svar: Veit ikkje, grunnen til at dei les no er fordi den førre læraren sa at dei burde lese.

27. Har de vore med på leseprosjekt/lesekonkurranse i løpet av ungdomsskulen? Kva las de i så tilfelle?



Svar: Nei, har fått mail om ein konkurranse. Det er aktuelt for nokon få, dei fleste er ikkje der, har lagt lista veldig lågt, redd for å ha oppgåver der elevane samanliknar seg med andre, kanskje eg tar heilt feilt, kanskje dei hadde blitt motivert av at da va konkurranse.

28. Har heile klassen lese den same boka? Har de klasesett?

Svar: Nei, handlar litt om at eg har vore kort tid på skulen. Usikker på om det hadde fungert.

29. Har de ein fast tilsett bibliotekar på skulen? Kor mange prosent i så fall?

Svar: Ja, 50%, flink og synleg, elevane veit at ho er bibliotekar.